



BREIE LYSVERK



VALDRES

Det var i 1898 me fekk det fyrste elektrisitetsverket i Etnedal. Det var eit lite privat verk bygd på Tonsåsen sanatorium.

Etter kvart kom det fleire små verk. Eit av dei var dette verket, Breie lysverk. Det vart bygd i 1920 og var utstyrt med ein 78 hestekrefters Pelton stråleturbin og ein dynamo frå Norsk Elektrisk Brown Boveri. Spenninga var på 230 volt. Fallhøgda var 78 meter og vatnet gjekk gjennom eit 12 toms trerøyr med jernband rundt. Det var Liafossen som gav vassføring til verket.

Breie lysverk er det einaste av dei lokale elektrisitetsverka som framleis har intakt maskineri. På det meste var det 35 abonnentar som fekk straum frå verket. Det vart teke or bruk i 1957. Vestoppland kommunale kraftselskap tok då over.

Kjelde: Gard og bygd i Etnedal, Harald Hvattum

